

Bør det heite Uskedal eller Uskedalen? Tormod Myklebust er ein som har synspunkt på dette og han skriv slik til oss:



Tormod Myklebust

Uskedal-Uskedalen.

Dette er noke eg har tenkt på innimellom. Det heiter til dømes Rosendal, i ubunden form. Sjølv meiner eg det må bli slik med bygdenavnet vårt og. Eg meiner å hugsa at eg spurde ein eller annan om kvifor vi brukar bestemt form. Svaret var at Postvesenet var årsaka, altså poststaden Uskedalen.

Spørsmålet er vel om det innarbeidde navnet Uskedalen, let seg rikka på, det er vel tvilsamt. Korleis navnet er brukt tilbake i tid er viktig.

Eit anna spørsmål er om der er ein instans som autoriserer bygdenavn, eventuelt forandrer på skrivemåte? Eg synest emnet er verdt litt merksemd.

P.S. Det er for gale at kj- lyden held på å detta bort frå dialekten vår. No høyrer vi vaksne uskedelingar seier' boko', i staden for' bokjo'.